



Kartverket

RYGER ADVOKATFIRMA AS
V/ADVOKATFIRMAET RYGER AS
POSTBOKS 54 KRONSTAD
5819 BERGEN

Bestiller: info@ambita.com
Deres referanse: 50606 - AEJ
Vår referanse: 3722161/26141210
Bestilling: C3 2025-04-08 (9) 98

Dato
08.04.2025

Kopi av dokument fra vårt arkiv

Dere har bedt om en bekreftet kopi av følgende dokument fra arkivet:

Dok.nr.:	Embete:	Registrert:	Rettsstiftelse:
1642	51	15.3.1977	JORDSKIFTE

Dokumentet er registrert på blant annet følgende eiendom:

Knr.	Gnr.	Bnr.	Fnr.	Snr.
4628 VAKSDAL	78	1	0	0

☒ Dokumentet følger vedlagt.

☐ Dokumentet følger ikke vedlagt. Vi kan ikke finne det i vårt arkiv.

Det finnes mye nyttig informasjon på våre nettsider www.tinglysing.no. På <https://seeiendom.kartverket.no> er det mulig å se hva som er tinglyst i grunnboken. Ta også gjerne kontakt med vårt kundesenter på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er åpent alle hverdager fra klokken 09.00 til 15.00.

Med hilsen
Statens kartverk Tinglysing



Utdrag av
Rettsbok

for

Indre Nordhordland jordskiftesokn
-Nordhordland domssokn-

Jordskifte
på

Ø I E N E

Gnr. 79 1 Vaksdal herad
Slutta 6. desember 1976

Register.

Partsoppgåve.....	side 1- 2
I. Grenser.....	" 3-12
A. Generelle merknader	side 3
B. Grenser kring jordskiftefeltet..	" 4- 6
C. Grenser innan -----"	" 6-12
II. Lotting.....	" 12-16
III. Vedtekter for administrasjon av hopateigane m.v.	" 17-18
IV. Lunnende.....	" 18-19
V. Tomtefeste.....	" 19-20
VI. Vegar og bruar.....	" 20-25
A. Vegar til framtidig bruk.....	side 20-23
B. Om vegmatrialar og veggrunn.....	" 23
C. Om tilsynsmenn.....	" 23-24
D. Om vederlag for utbetring av gamal veg.....	" 24-25
VII. Jakt og fangst.....	" 25
VIII. Fiske.....	" 25
IX. Brönnar.....	" 26-27
X. Steintipp.....	" 27
XI. Elveregulering.....	" 27-29
XII. Gjerde.....	" 29-
A. Gjerdeplikt med fordeling.....	side 29
B. Fristar for oppsetting av gjerde m.v.....	" 29
XIII. Hus.....	" 30
XIV. Skog.....	" 30-31
XV. Mellombels reglar om bruken av jordskifte- feltet.....	" 31-32
XVI. Sakskostnader.....	" 32-33
XVII. Ymse vedtak.....	" 33
XVIII. Iverksetting.....	" 33
XIX. Kunngjering.....	" 33-34



Utskrift

av rettsbok nr. 62 for Indre Nordhordland jordskiftesokn - Nordhordland domssokn - vedk. jordskifte på garden Øiene, gnr. 79 i Bergsdalen, Vaksdal kommune, slutta 6. desember 1976.

=====

År 1976 den 6. desember heldt jordskifteretten atter møte i huset til Gisle Øye på garden Øiene i Bergsdalen i Vaksdal herad.

Rettsformann : Jordskiftedommar Olav Kvamme.
 Jordskiftemenn : 1. Bonde Ingolf M. Dale, Dalekvam.
 2. " Ragnvald K. Berge, Dalekvam.
 Protokollfører : Jordskifteteknikar Einar Hauge.
 Sak nr. 6/1965 - utsett frå 10. november 1976.
 Saka gjeld : Jordskifte over innmarka og ein del av utmarka til garden Øiene, gnr. 79 i Vaksdal herad.

Partar :

A. Lotteigarar og eigarar av tomter innan jordskiftefeltet:

1. Gisle Øye, eigar av Øiene, gnr. 79 bnr. 1.
2. Per Øye og Kristina Fosse, eigarar av Øiene, gnr. 79 bnr. 2.
3. Vaksdal kommune, eigar " Øietangene, 79 " 5.
4. Konstanse Salberg, " " Salbu, " 79 " 6.
5. Birgit, Gunhild og Ingeborg Flage, eigarar av Øyestad, gnr. 7. bnr. 7.
6. Ole Dankertsen, eigar " Fjellglytt, 79 " 8.
7. Berge Veka, " " Fjellro, " 79 " 9.
8. Gisle Øye, Per Øye og Kristina Fosse eigarar " Huldrehaug, " 79 " 10.
9. Ingvald Øye, eigar " Stupet, " 79 " 11.
10. Midtun landmannslag " " Grannatun, " 79 " 12.

- 2 -

B. Tomtefestarar innan jordskiftefeltet.

11. Erling Vaksdal, festar av hyttetomta "Stakkstøhaugen".
12. Rolf Jonassen, " " " "Stølen".
13. Sigrid Larsens arving " " "Gløtøen"
Rolf Jonassen, i Godmorsteigen.

C. Eigarar av eigedomar som grensar inn til jordskiftefeltet.

14. Marta L. Brekke, eigar av Brekke, gnr. 78 bnr. 1.
15. Marta N. Brekke, " " Brekke, " 78 " 2.
16. Roald Brekke, " " Brekke, " 78 " 3.
17. Marta Skjerve, " " Solbakken, 78 " 8.
18. Torbjørn Fosse, " " Fosse, " 80, " 1.
19. Anders H. Fosse, " " Fosse, " 80, " 2.

Til stades: Part nr. 1,2 (Kristina Fosse og Per Øye), 4,6 v/
Thore Rongved i fylgje fullmakt, 8,9,10 v/Lars
Midthun og Arne Hansen, 11,12,13,18 og 19.

Lovleg varsla, men møtte ikkje: Part nr. 3,5,7,14,15,16
og 17.

Rettsformannen la fram :

37. Skifterekneskap etter skiftet v/jordskifteteknikar
Einar Hauge.
38. Gjenpart av partsinnkalling av 19. nov. 1976 til
møtet i dag, og med påført postverket si kvittering
for rek. brev til partane.
Dokumenta i saka var til stades og til gjennomsyn.
Dok. nr. 38 vart lese opp.

På grunnlag av den handsaming saka har fått i møta den
29. juli 1971, den 25. juli 1973, den 3. juli 1975,
den 16. september 1975, den 10. mai 1976, den 10.
november 1976 og dette møtet, gjorde jordskifteretten

Vedtak

om slikt jordskifte over innmarka og ein del av ut-
marka til garden Øiene.

- 3 -

I. Grenser.A. Generelle merknader:

1. Alle skildra grenser er avmerka i marka.
2. Alle grenser eller deler av desse dannar rette liner mellom kvar oppgjeven kompassretning.
3. Alle grensemerker er korshogne når ikkje noko anna er sagt.
4. Alle avstandar er oppgjevne i vassrette mål og direkte målte i marka når ikkje anna er sagt.
5. Alle grenseretningar er omtrentlege, i høve til sant nord og etter ei sirkeldeling på 400°.

B. Grenser kring jordskiftefeltet.

Jordskiftefeltet grensar i aust og søraust til garden Brekke, gnr. 78 i Vaksdal, såleis :

1. Strekninga Brekkegjelet - Svabekktjønna.

På denne strekninga går grensa frå det i jordskiftesaka over Brekke, slutta 19. november 1968, skildra "kors (25, gammal strekgloppe) i fjellnabbe på brotlaget oppfor Brekkegjelet" i retning 258° 30' (kartmål) til djupålen i Gjelelva og vidare etter djupålen i denne ca. 250 m oppover til elvekrysset med Svabekken. Her tek grensa av frå Gjelelva og fylgjer midtlinja i Svabekken oppetter lia og fjellet til Svabekktjønna, langs denne og bekken som renn inn i tjønna, fram til vasskilet.

2. Strekninga Brekkegjelet - Raunosa.

På denne strekninga går grensa slik skildra i jordskiftesak på Brekke, slutta 19. november 1968.

3. Strekninga Raunosa - Slettebrekkskarøt.

På denne strekninga går grensa frå det i jordskiftet på Brekke, slutta 19. november 1968, skildra "bolt (44) i fjell (triangelpkt. B.K.K. a) ytterst på Raunosa" i retning 43° 48,0 m oppover til nedsett stein (45) på høgste rinden, vidare 83° 47,2 m innetter rinden (vasskilet) til kors (46) i fjell og 21,6 m til kors

- 4 -

(47) i markert nase i skarv på lita flate, $64^{\circ} 79,7$ m nedetter til kors (48) i nordvendt slett fjell, $61,4$ m over lita tjønn til bolt (49) i søre ende av jorddekt fjellrygg og $55,3$ m til nedsett stein (50) i myr i djupaste Slettebrekkskaret og om lag 50 m vest for vasskilet. I grensemerke nr. 50 sluttar jordskiftefeltet å grense til garden Brekke.

I nordaust og nord grensar jordskiftefeltet til Øiene si felles fjellmark etter ei/grense som frå grensemerke nr. 50 - nedsett stein - held fram etter bekken nedgjennom djupaste Slettebrekkskaret til denne renn ut i Skårsdalselva. Herfrå held grensa fram midt etter Skårsdalselva nedover ca. 370 m til eit pkt. kor grensa tek av frå elva og går i retning 369° til elvebarden og vidare ca. 5 m til nedsett stein (51) ved ein høl like oppfor skarp sving i elva, $131,6$ m oppover lia til kors (52) i nordsida av stor stein, $93,9$ m til kors (53) i sørspissen av lang, smal steinblokk og $55,3$ m til kors (54) i liten jordfast stein.

Frå grensemerke nr. 54 held grensa fram langs fjellfoten først i retning $288^{\circ} 25,0$ m til nedsett stein (55), vidare $295^{\circ} 67,3$ m til kors (56) i liten jordfast stein, $287^{\circ} 124,0$ m til kors (57) i avlang steinblokk, $284^{\circ} 30,3$ m m til kors (58) oppå firkanta steinblokk, $319^{\circ} 68,2$ m til kors (59) i steinblokk i lita ur ved fjellfoten og $338^{\circ} 100,5$ m litt skrålies oppover til kors (60) i flat steinblokk ved fjellfoten, der jordskiftefeltet sluttar å grense til sams fjellmark.

I nordvest grensar jordskiftefeltet til garden Fosse, gnr. 80 i Vaksdal herad.

Grensa går ut frå grensemerke nr. 60 - kors i flat steinblokk ved fjellfoten - og går herfrå i retning $245^{\circ} 38,8$ m nedover lia til kors (61) oppå stein i lita ur, $69,8$ m nedover til nedsett stein (62) i myr

- 5 -



(staden kor den gamle merkesteinen sto), herfrå i retning 222° og 52,2 m til nedsett stein (63) litt innpå markert brotalag, 108,0 m over Tungesbekken til kors (64) i fjellknolt i øvste parti av Storheldrane, vidare nedetter Galtamånen i retning 218° 81,5 m til nedsett stein (65) på bakkekam (staden kor den gamle merkesteinen sto), 37,6^m til nedsett stein (66) på resétover Skjergrasbotn / 69,0 m vidare nedover Skjergrasbotnen til nedsett stein (67) oppå lita, delvis jorddekt fjellnov og ca. 17 m nordaust for høgspenstmast av betong.

Frå grensemerke nr. 67 held grensa fram nedetter lia i retning 200° 53,3 m til nedsett stein (68) utpå kanten av brotalag, 12,6 m til kors (69) oppå flat, jordfast stein om lag midt mellom foten av brotalaget og den gamle bygdevegen, 30,3 m til nedsett stein (70), 11,9 m til nedsett stein (71) og vidare ca. 25 m (kartmål) nedetter og over riksvegen til pkt. 72 på elvebarden.

Frå grensepunkt nr. 72 held grensa fram i retning 228° først ca. 15 m (kartmål) over Bergsdalselva til gammal, oppfrikka kors (73) i fjell i elvekanten ved Glupen og like vest for nokre store steinblokker, 86,0 m oppetter Glupshaugen til kors (74) i fjell i toppen av jorddekt fjellknaus på Glupshaugen og 13,3 m til kors (75) i flatt fjell på brotakanten. Herfrå held grensa fram langs den høge, markerte brotakanten over Glupseta først i retning 198° 35,8 m til kors (76) i flatt fjell, og vidare 186° 65,6 m til gammal oppfriska kors (77) i toppen av lita skarp fjellnov.

Herfrå går grensa først i retning 279° 70,6 m over Glupskaret til nedsett stein (78) på brotakant, vidare 235° 103,5 m oppetter Røyrbottsrinden til nedsett stein (79) i ein liten hjelle, 90,5 m til gammal, oppfriska kors (80) i bergknolt, 246° 98,9 m kors (81) i fjell på skarpaste rusta, 44,3 m til gammal oppfriska kors

- 6 -

(82) på kvass fjellrygg og 255^o 172,0 m til kors (83) i lang, skarp fjellrygg øverst i Røyrbotn. .

Frå grensemerke nr. 83 held grensa fram i retning 286^o og 95,0 m oppetter smaufjellet til nedsett stein (84), 55,3 m til gammel, oppfriska kors (85) i rund, lang fjellrygg og vidare innetter fjellet i retning 251^o 142,1 m til nedsett stein (86), 98,0 m til nedsett stein (87) og 276,7 m til kors (88) i fjell på austsida av varden på Revanukjen, der garden Fosse sluttar å grense til jordskiftefeltet.

I sørvest grensar jordskiftefeltet atter til garden Øiene si eiga fjellmark.

Grensa går ut frå ovan nemnde kors (88) i fjell på austsida av varden på Revanukjen, og går herfrå nedetter fjellet mot Rauskredalselva i retning 172^o først 111,3 m til nedsett stein (89) utpå kanten av Rauskredalen, 107,1 m nedetter til kors (90) i stein på brotakant sønst i Sauabotn, 184,0 m vidare nedover Rauskrelia til kors (91) i flat stein, 101,7 m til nedsett stein (92) på bakkekant og vidare ca. 45 m (kartmål) nedi elvegjelet og ut i elvekrysset mellom Rauskredalselva og bekken frå Stora-gjelet.

Frå elvekrysset går grensa midt etter bekken i Stora-gjelet oppover bratte fjellsida og innover til vasskilet til møtes med endepunktet for grensa mot grannegarden Brekke, jfr. denne.

C. Grenser innan jordskiftefeltet.

Grense nr. 1. Ei grense gjennom det gamle tunet på Øiene.

Den deler mellom bnr. 1 på nordaustre side og bnr. 2 og riksvegen på motsette side.

Grensa tek til i djupålen i Bergsdalselva nordvest for Longøyne og går herfrå i retning 347^o til elvbarda og vidare ca. 10 m oppetter til nedsett stein (93) på nedsida av riksvegen, 39,3 m over riksvegen

- 7 -



og oppetter til kors (94) i jordfast stein i sørvestre ende av gammel bakkemur, 12,7 m til nedsett stein (95), 32 m (kartmål) oppetter og gjennom bnr. 2 sitt gamle våningshus til nedsett stein (96) og vidare 8,0 m til nedsett stein (97).

Frå grensemerke nr. 97 går grensa vidare i retning 261° først 36,1 m til kors (98) i toppen av nordre hjørne på fjellhammar, vidare 12,0 m til kors (99) i øvre kant av fjellhammar og ca. 3,5 m til fjellhammaren grensa mot riksvegen. Frå sist nemnde punkt held grensa fram nord-etter langs austre grense for riksvegen - hamrelaget (Øyabergget) - i ei lengd av ca. 95 m. Grensa tek så av frå riksvegen og går i retning 67° 12,6 m til nedsett stein (100) i grensa mellom bnr. 1,2 og 12 der grense nr. 1 endar.

Grense nr. 2. Ei grense for hyttetomta "Grannatun".

Den deler mellom bnr. 2 på nordvestre side og bnr. 12 på motsett side.

Grensa går frå grensemerke nr. 100 i retning 67° 22,5 m til nedsett stein (101) på nordsida av største steinblokk og vidare 28,5 m til gammel kors (102) i loddrett fjellvegg ved foten av Husaberget og ca. 60 cm. over bakken, der grense nr. 2 endar.

Grense nr. 3. Ei grense for hyttetomta "Grannatun".

Den deler mellom bnr. 1 på nordaustre, søraustre og sørvestre side og bnr. 12 på motsette sider.

Grensa går ut frå den i grense nr. 1 omtalte nedsette stein (100) og går herfrå i retning 170° 25,8 m til gammel kors (103) i fjell oppe på Øyaberget, 75° 25,3 m til gammel nedsett stein (104 - ikkje korshoggen) 45,8 m til gammel kors (105) og vidare herfrå i retning 340° 37 m langs fjellfoten til det i grense nr. 2 skildra kors (102) i foten av loddrett fjellvegg, der grense nr. 3 endar.

- 8 -

Grense nr. 4. Ei grense over Huseberget til Skårdsdalselva.

Den deler mellom bnr. 1 på austre side og bnr. 2 på motsett side.

Grensa går ut frå kors (102) i loddrett fjellvegg ved foten av Husaberget (sjå grense nr. 2) og går herfrå i retning 33° oppetter Husaberget 109 m (kartmål) til borhol (106) med omhoggen trekant (trg.pkt.) på markert, flat hammar oppå Husafjellet. Frå grensemerke nr. 106 held grensa fram innetter Husafjellet i retning 57° først 97,3 m til kors (107) på kanten av loddrett nord-sør gåande fjellvegg, vidare 254,3 m til bolt (108) i fotfeste for søre bardun til høgspestolpe nr. 4, 26,6 m nedetter skarpaste rinden til nedsett stein (109) ved vestre ende av hengebrua over Skårdsdalselva og ca. 10 m til midt i elva, kor grense nr. 4 endar i yttergrensa for jordskiftefeltet mot sams fjellnark.

Grense nr. 5. Ei grense delvis etter Bergsdalselva, Gjellelva og over Høgdi.

Den deler mellom bnr. 1 på austre side og bnr. 2 på motsett side.

Grensa går ut frå same punkt i djupålen i Bergsdalselva som grense nr. 1 og går herfrå etter djupålen sørover ca. 110 m til elvekrysset mellom Bergsdalselva og Gjellelva (Rauskredalselva).

Her tek grensa av frå djupålen i Bergsdalselva og fylgjer vidare djupålen i Gjellelva oppover i ei lengd av om lag 280 m og slik grensa er avlagd på kartet.

Grensa tek her av frå Gjellelva og går frå djupålen i retning 257° til elvebarden og vidare i same retning 6,1 m til nedsett stein (110), 100,6 m innetter flaten og opp skråninga til nedsett stein (111) innpå liten haug, 115,2 m til nedsett stein (112) i bakhellinga av markert fjellhammar og 120,5 m til kors (113) i fjellskarv ut på stupet.

- 9 -



Herfrå held grensa fram i ymse retningar oppetter langs Rustena først 249° 129,3 m til kors (114) i flat fjellrygg og 250° 110,7 m til kors (115) i stein mellom stien og stupet, vidare 253° 203,7 m til kors (116) i flatt fjell, 253° 155,5 m over markert gjel til nedsett stein (117), i ein hjelle og 84,6 m til kors (118) i fjell på Høgdi, vidare held grensa fram innetter Høgdi i retning 234° 72,4 m til kors (119) oppå avlang, markant stein, 255° 156,8 m til kors (120) i kanten av fjellnov like vest for sti, 209,5 m til kors (121) i vestvendt fjell vest for ei vasspøyse, 196° 89,9 m til kors (122) i stein, 238° 76,3 m til kors (123) i fjell på kanten over Storagjelet og vidare om lag 54 m (kartmål) til midtlina i bekken i Stora-gjelet, kor grense nr. 5 ender i yttergrensa for jord-skiftefeltet mot sams fjellmark.

Grense nr. 6. Ei grense kring felles hytteteig vest for Bergsdalselva.

Døn deler mellom bnr. 2 på austre, søre vestre og nordre side og felles hytteteig på motsette sider.

Grensa tek til i djupålen i Bergsdalselva og går herfrå i retning 208° til kors (124) i flatt fjell like ved hengebrua, og 36,4 m til kors (125) i flatt, avskrapt fjell, vidare i retning 228° 34,9 m til kors (126) i skrått, nordvendt fjell, 245° 34,0 m til kors (127) i flatt fjell og 52,4 m til kors (128) i fjell.

Frå grensemerke nr. 128 held grensa fram i retning 321° først 88,9 m til kors (129) i austvendt fjellnov, (grensene for hyttetomta bnr. 8 fell saman med grense nr. 6 på ei kort strekning), og 113,8 m over myr til nedsett stein (130) i lite vassig.

Frå grensemerke nr. 130 går grensa i retning 4° først 99,5 m til kors (131) i fjellskarv midt under høgspenmast, vidare 43,3 m til nedsett stein (132), 84,2 m

- 10 -

nedetter lia til kors (133) i fjell utpå høgt brotalag, 45,2 m til nedsett stein (134) ca. 3. m frå elvekanten og vidare i same retning til djupålen i Bergsdalselva. Herfrå fylgjer grensa djupålen i Bergsdalselva attende til utgangspunktet.

Grense nr. 7. Ei grense kring felles parkeringsplass ved Kvernhuselva.

Den deler mellom bnr. 2 på austre side og felles parkeringsplass (bnr. 1 og 2) på motsett side. Grensa går ut frå nordre grense for riksvegen og går herfrå i retning 379° ca. 8 m til nedsett stein (135) i reinefoten, 29,7 m til nedsett stein (136) også i reinefoten og vidare 347° 12,6 m til kors (137) i søre parti av stor steinblokk i elva, kor grense nr. 7 endar.

Grense nr. 8. Ei grense på Øietangen.

Den deler mellom skulehustomta "Øietangen", bnr. 5 på austre, nordre og vestre side og bnr. 1 på motsette sider.

Grensa går ut frå tomtas nordvestre hjørne i søre grense for riksvegen og går herfrå i retning 205° etter gamalt stål- og steingjerde 26,2 m til gammal merkestein (138), vidare 103° 20,1 m, 76° 33,9 m framleis etter det gamle steingjerdet til søraustre hjørne av tomta og herfrå i retning 0° og ca. 12,5 m etter gammal stål- og steingjerde fram til søre grense for riksvegen kor grense nr. 8 endar.

- 14 -

Grense nr. 9. Ei tomtegrense ved Bergsdaleselva.

Den avgrensar på alle kantar hyttetomta "Salbu", bnr. 6
frå bnr. 1.

Grensa går slik skildra i skyldskiftet for bnr. 6 frå
25. juni 1952, og som det vert vist til.

Grense nr. 10. Ei tomtegrense mellom Bergsdalselva og riks-
vegen gjennom Øyalia.

Den avgrensar på alle kantar hyttetomta "Øyestad", bnr.
7 frå bnr. 1.

Grensa går slik skildra i skyldskiftet for bnr. 7 frå
20. juli 1957, og som det vert vist til.

Grense nr. 11. Ei tomtegrense på sørsida av Bergsdalselva.

Den avgrensar hyttetomta "Fjellglytt", bnr. 8 (kartfig.
nr. 294) i sør frå bnr. 2 og i vest, nord og aust frå
hopateigen til bnr. 1 og 2.

Grensa går slik skildra i skyldskiftet for bnr. 8 frå
30. september 1959, og som det vert vist til.

Grense nr. 12. Ei tomtegrense på sørsida av Bergsdalselva.

Den avgrensar på alle kantar hyttetomta "Fjellro",
bnr. 9 (kartfig. nr. 293^a) frå hopateigen til bnr. 1
og 2.

Grensa går slik skildra i skyldskiftet for bnr. 9 frå
30. september 1959, sjå dette.

Grense nr. 13. Ei tomtegrense på sørsida av Bergsdalselva.

Den avgrensar på alle kantar hyttetomta "Huldrehaug",
bnr. 10 (kartfig. nr. 293^b) frå hopateigen til bnr. 1
og 2.

Grensa går slik skildra i skyldskiftet for bnr. 10 frå
30. september 1959, og som det vert vist til.

- 12 -

Grense nr. 14. Ei tomtegrense ved det gamle tunet på Øiene.

Den avgrensar på alle kantar tomta "Stupet" - bnr. 11 - (kartfig. nr. 80-81) frå bnr. 1.

Grensa går slik skildra i skyldskiftet for bnr. 11 frå 21. september 1962, men slik at avstanden mellom 4. og 5. merkestein skal vere 12,5 mg ikkje 18,0 m. Det vil til.

II. Lotting.

Øiene, gnr. 79 bnr. 1. av skm. 1,52, eigar Gisle Øye, er utlagt med ein teig. Den er på kartet identifisert med litra A.

Teigen omfattar bruket si inn- og utmark. (innmarka, det av Husafjellet, Øyalia, Lomatjønnane, Blombotsteigen og Rustateigane).

Teigen er i vest avgrensa av grense nr. 5,1,3 og 4, vidare i vest og nord av ein del av yttergrensa mot garden Øiene si sams fjellmark, i aust av yttergrensa mot grannegarden Brekke og i sørvest atter av ein del av yttergrensa mot garden Øiene si sams fjellmark.

Innan teigen ligg tomtene: bnr. 5, bnr. 6, bnr. 7 og bnr. 11. Vidare går riksvegen Dale - Voss gjennom teigen. Alle desse er avgrensa frå teigen med eigne grenser, sjå nedanfor.

Innan teigen ligg hyttetomta "Stølen", kartfig. nr. 83 og 84, og som er ei festetomt i fylgje "Festekontrakt" av 7. juni 1961, sjå kap. V.

Med eigedomen fylgjer desse rettane :

1. Medeigedomsrett med 1/2 lott i parkeringsplassen ved Kvernhuselva og den felles hytteteigen ved Bergsdalselva, sjå nedanfor og kap. III.
2. Rett til veg nr. 2,3,4,5 og 6, sjå kap. VI.
3. Rett til tomteleige, sjå kap. V.
4. Rett til brønn, sjå kap. IX.
5. Rett til jakt, fangst og fiske, sjå kap. VII og VIII.
6. Rett til steintipp, sjå kap. X og kap. III.



- 13 -

Øiene, gnr. 79 bnr. 2 av skm. 1,52, eigarar Per Øye og Kristina Fosse, er utlagd med ein teig. Den er på kartet identifisert med litra B.

Teigen omfattar bruket si inn- og utmark.

(Innmarka, del av Husafjellet, Skårsdalen og Rauskredalen).

Teigen er i aust avgrensa av grense nr. 5,1,2 og 4, i sør av ein del av yttergrensa mot Øiene si same fjellmark, i vest av yttergrensa mot grannegardane Fosse og i nord atter av yttergrensa mot Øiene si sams fjellmark.

Innan teigen ligg den felles parkeringsplassen ved Kvernhuselva og den felles hytteteigen. Vidare går riksvegen Dalekvam - Voss gjennom teigen. Desse er avgrensa frå teigen til bnr. 2 ved eigne grenser, sjå nedanfor om hopateigar.

Innan eignedomen til bnr. 2 ligg fylgjande festetomter:

1. Ei hyttetomt "Gløtten" i Godmorslåtta, kartfig. nr. 122, sjå kap. V.
2. Hyttetomta "Stakstøhaugen", kartfig. nr. 136 og 137, sjå kap. V.

Med eignedomen fylgjer desse rettane :

1. Medeigedomsrett med 1/2 lott i parkeringsplassen ved Kvernhuselva og hytteteigen ved Bergsdalselva, sjå nedanfor og kap. III.
2. Rett til veg nr. 2,3,4,5 og 6, sjå kap. VI.
3. Rett til tomteleige, sjå kap. V.
4. Rett til brønn på bnr. 1, sjå kap. IX.
5. Rett til jakt, fangst og fiske, sjå kap. VII og VIII.
6. Rett til steintipp, sjå kap. X og III.

Øiene, gnr. 79 bnr. 1 av skm. 1,52, eigar Gisle Øye og

Øiene, gnr. 79 bnr. 2 av skm. 1,52, eigarar Per Øye og Kristina Fosse, er utlagde med 2 hopateigar. Dei er på kartet identifiserte med litra A - B.

Teigane ligg i rein sameige mellom bnr. 1 og 2 med 1/2 lott på kvart

- 14 -

Teig 1. Hytteteigen sør for Bergsdalselva.

Teigen er på alle kantar avgrensa av grense nr. 6, sjå ellers kap. I.

Med teigen fylgjer desse rettane :

1. Rett til veg nr. 6, sjå kap. VI.
2. Rett til å legge vassmagasin på bnr. 2 sin teig på sørsida av elva og med rett til å legge leidningar frå brønnen og fram til frådelt tomter i teigen, sjå ellers kap. III.

Teig 2. Parkeringsplassen ved Kvernhuselva :

Teigen er på nordaustre side avgrensa av grense nr. 7, på vestre side av Kvernhuselva og i sør av nordre grense for riksvegen.

Kostnadene med opparbeiding av parkeringsplassen skal svarast av eigarane med halvparten på kvar, sjå ellers kap. III.

Øietangen, gnr. 79 bnr. 5. av skm. 0,02, eigar Vaksdal kommune.

Eigedomen er på kartet identifisert med litra C.

Eigedomen, den gamle skuletomta, ligg mellom Bergsdalselva og riksvegen i Øyalia og er i vest, sør og aust avgrensa av grense nr. 8 og i nord av søre grense for riksvegen. Eigedomen har dessutan desse rettane :

1. Rett til veg nr. 5, sjå kap. II.
2. Rett til vassbrønnen på bnr. 1 (kartfig. nr. 363) og med leidning frå brønnen og fram til tomte.

Salbu, gnr. 79 bnr. 6. av skm. 0,01, eigar Konstanse Salberg.

Eigedomen er på kartet identifisert med litra D.

Eigedomen som er ei hyttetomt, ligg i bnr. 1 sin teig på sørsida av Bergsdalselva og er på alle kantar avgrensa av grense nr. 9.

Eigedomen har dessutan desse rettane :

1. Rett til veg nr. 5, sjå kap. VI.
2. I fylgje skjøte av 26. aug. 1952 rett til utanvederlag å bygge 2,2 m x 2,2 m stort uthus utfor grensene til tomte på bnr. 1.

- 15 -



3. Rett til vassbrønn (kartfig. nr. 187^a) og med leidning
frå brønnen og fram til tomta.

Øyestad, gnr. 79 bnr. 7 av skm. 0,01, eigar Birgit, Gunhild
og Ingeborg Flage. Eignedomen er på kartet identifisert
med litra E.

Eignedomen som er ei hyttetomt, ligg mellom Bergsdals-
elva og riksvegen i Øyalia og er på alle kantar av-
grensa frå bnr. 1 ved grense nr. 10.

Eignedomen skal i fylgje skyldskifte av 20. juli 1957
ha desse rettane :

1. Rett til vassbrønn på bnr. 1 (kartfig. nr. 377) og med
rett til veg eller å legge leidning frå brønnen og fram
til tomta.

Fjellgløtt, gnr. 79 bnr. 8 av skm. 0,01, eigar Ole Dankertsen.

Eignedomen er på kartet identifisert med litra F.

Eignedomen som er ei hyttetomt, ligg innan bnr. 1 og 2
sin felles hytteteig og er på alle sider avgrensa frå
hytteteigen ved grense nr. 11.

Eignedomen skal i fylgje skjøte av 27.10.1964 ha desse
rettane :

1. Rett til veg nr. 6, sjå kap. VI.
2. Rett til å anlegge vassbrønn på bnr. 2 og med rett til
å legge leidning frå brønnen og fram til tomta.

Fjellro, gnr. 79 bnr. 9 av skm. 0,01, eigar Berge Veka.

Eignedomen er på kartet identifisert med litra G.

Eignedomen som er ei hyttetomt, ligg innan bnr. 1 og 2
sin felles hytteteig og er på alle sider avgrensa av
grense nr. 12.

Eignedomen skal i fylgje skjøte av 16.6.1965 ha slike
rettar :

1. Rett til veg nr. 6, sjå kap. VI.
2. Rett til vassbrønnen på bnr. 2 (kartfig. nr. 278) og
med rett til veg eller å legge leidning frå brønnen og
fram til tomta.

- 16 -

Huldrehaug, gnr. 79 bnr. 10, av skm. 0,01, eigarar Gisle Øye,
Per Øye og Kristina Fosse.

Eigedomen er på kartet identifisert med litra H.

Eigedomen som er ei hyttetomt, ligg innan bnr. 1 og 2
sin felles hytteteig og er på alle sider avgrensa av
grense nr. 13.

Eigedomen har desse rettane :

1. Rett til veg nr. 6, sjå kap. VI.
2. Rett til å anlegge vassbrønn på bnr. 2 og med rett
til å legge leidning frå brønnen og fram til tomta.

Stupet, gnr. 79 bnr. 11 av skm. 0,01, eigar Ingvald Øye.

Eigedomen er på kartet identifisert med litra I.

Eigedomen som er ei husetomt, ligg innan bnr. 1 sin
innmarksteig og er på alle sider avgrensa av grense
nr. 14.

Eigedomen skal i fylgje skjøte av 1.10.1962 ha slike
rettar :

1. Rett til veg nr. 2, sjå kap. VI.
2. Rett til vassbrønn på bnr. 1 (kartfig. nr. 82) og med
rett til leidning frå brønnen og fram til tomta, eller
etter kap. IX.

Grannatun, gnr. 79 bnr. 12 av skm. 0,01, eigar Midtun land-
mannslag.

Eigedomen er på kartet identifisert med litra J.

Eigedomen som er ei husetomt, ligg på innmarka nordvest
for tunet på Øiene. Den er i vest avgrensa av grense
nr. 2 og i nord, aust og sør av grense nr. 3.

Eigedomen skal i fylgje skjøte av 7. sept. 1963 ha desse
rettane :

1. Rett til veg nr. 2 og 3, sjå kap. VI.
2. Rett til å bruke vassbrønnen på bnr. 2 (kartfig.nr.105)
og med rett til å legge leidning frå brønnen og fram til
tomta, sjå kap. IX.

- 17 -



III. Vedtekter for administrasjon av hopateigane m.v.

Den felles hytteteigen sør for Bergsdalselva, den felles parkeringsplassen ved Kvernhuselva (sjå kap. II: Lotting) og steirtippen ved Skårsdalselva (kap. X) skal disponerast og administrerast av eit lag med slike

Vedtekter.

1. Medlemer av laget er eigarane av bnr. 1 og 2. Mellom desse skal det utpeikast ein tillitsmann. Han skal vere forrann og kasserar for laget. Tillitsmannen skal velgjast på årsmøtet for 4 år om gangen.
 2. Årsmøte i laget skal haldast kvart år ~~innen 1. mai~~. Ellers skal møte haldast så ofte ~~nøyn~~ krev det. Lagslem skal ha varsel om møte minst 7 dagar føreåt.
 3. Over alle møter skal det førast møtebok. Den skal underskrivast av lagslemene.
 4. Det skal førast rekneskap over dagsverk og laget sine inntekter og utgifter.
- Rekneskapen skal gjerast opp pr. 31. desember og reviderast av vald revisor. Overskot eller underskot på rekneskapen skal utliknast på lagslemene med ein halvdel på kvart bruksnummer.
5. Spørsmål om disponering og bruken av teigane som t.d. utpørseling og bortfeste av tomter, opparbeiding av kloakk og vegar, ordning av vassforsyning o.a. skal avgjerast ved vedtak. Det kan ikkje gjerast vedtak i strid med desse vedtektene. Skjøte og festekontrakter lyt signerst av heimelsinnehavarane.

Vedtak er bindande når eit fleirtal røystar for.

Halvparten er nok når mindre enn halvparten røystar mot. Står halvpart mot halvpart, vert spørsmålet å avgjere ved lutkast.

Ved avrøysting har kvart bruksnummer ei stemme.

Ingen må røyste i avtale med seg sjølv.

- 18 -

6. Tillitsmannen har alt tilsyn med teigane. Han har vidare å syte for at bindande vedtak vert sett i verk innan 3 veker etter at vedtak er gjort.

Gjeld vedtak plikt til å ta del i felles arbeid, skal den arbeidspliktige ha varsel om dagen han skal møte til arbeid minst 7 dagar føreåt. Pliktarbeid kan ikkje krevjast utført i dei ordinære onnetider.

7. Om ein vedlikehaldspliktig ikkje svarar arbeidspliktene sine, skal tillitsmannen ha rett til å leige for den uvillige si rekning. Om nokon nektar å betale utlikna kostnader, skal tillitsmannen ha rett til å inndrive kostnadene med tvang.
8. Om tillitsmannen ikkje tek hand om eller fyller pliktene sine, kan lensmannen etter krav frå den skadelidande nemne opp ny tillitsmann for den tid som står att av den forsømande tillitsmannen si formannstid.

Er den nyoppnemnde tillitsmannen ikkje medeigar i hopateigane, har han ikkje stemmerett, men han har då krav på godtgjersle slik lensmannen bestemmer.

IV. Lunende.

Jordskifteretten har det inntrykk at det i Bergsdalen stadig er pågang etter tomter for fritidshus. Med tanke på å legge tilhøva til rettes for ordna utparselering av tomter har retten lagt ut ein hopateig på sørsida av Bergsdalselva slik omtalt i kap. II og III.

Teigen har fått si plassering i samsvar med ein utarbeidd rammeplan for hyttebygging i Bergsdalen. Denne er godkjend av utbyggingsavdelinga i fylket førebels for 10 år.

Eigarane av bnr. 2 har i skriv av 23. mai 1976 kravd at i tilfelle styringsmakta også godkjenner eit hyttefelt på Lomatjønnane, så må også det vere felles for bnr. 1 og 2. Slik eigarane av bnr. 2 reiser spørsmålet er dette ein del av skifteplanen. Denne vart vedteken i møtet den 10. mai 1976 og er forlengst utsett i marka.



- 19 -

Det skal i denne samanheng poengterast at skifteplanen er i samsvar med godkjend rammeplan for hyttebygging, og retten lyt stole på at dei bestemmande organ ikkje endrar sine avgjerder. Skulle dei likevel komme til å gjere det, ventar retten at dei då i det minste syter for ei balansert hyttebygging på dei to bruka slik at ingen vert skadelidande.

Slutning.

Kravet frå eigarane av bnr. 2 om sameige mellom bnr.1 og 2 i eit tenkt framtidig hyttefelt på Lomatjønnane vert ikkje å ta til fylgje.

V.Tomtefeste.

Innan jørskiftefeltet ligg fylgjande hyttetomter i fylgje festekontrakter :

1.Hyttetomta "Stølen".

Festar: Ralf Jonassen med festekontrakt av 7. juni 1961 og "skjøte" av 15. januar 1970.

Grunneigar: Eigaren av bnr. 1.

Tomta ligg ned for Torvena i bnr. 1 sin teig (kartfig. nr. 83 og 84) og er i marka avgrensa med grenser skildra i festekontrakt av 7. juni 1961.

Festaren skal framleis ha sine rettar og plikter slik bestemt i ovan nemnde dokument.

2.Hyttetomta "Gløtten".

Festar : Sigrid Larsens arving, Ralf Jonassen, festekontrakt av 29.6.1937.

Grunneigarar: Eigarane av bnr. 2.

Tomta ligg i Godmorteigen til bnr. 2 (kartfig. nr. 122) og er i marka avgrensa med grenser slik skildra i feste-kontrakta.

Festaren er avliden, og retten legg til grunn at feste-avtalen med eigaren av bnr. 1 er gått ut.

Eventuell ny festeavtale må gjerast med eigarane av bnr.2. Om påståande hus, sjå kap. XIII.

- 20 -

3. Hyttetomter. Stakstøhaugen, (kartfig. nr. 136-137).

Festar : Erling Vaksdal i fylgje "Leigekontrakt"
av 27. mai 1960.

Grunneigar: Eigarene av bnr. 2.

Tomta ligg i "Stakstøhaugen" i bnr. 2 sin
teig (kartfig. nr. 136-137) og er inngjerd.

Festaren skal framleis ha rettar og plikter som bestemt
i leigekontrakta.

Leigekontrakta gjeld for 25 år rekna frå 1. juni 1954.

Tomteleiga skal for resten av kontrakttida framleis
svarast til eigaren av bnr. 1.

Etter at kontrakttida er ute skal eventuell ny leige-
kontrakt gjerast med eigaren av bnr. 2.

VI. Vegar og bruer.

A. Fylgjande vegar er lagde ut til bruk i framtida:

Veg nr. 1. Riksvegen Dale-Voss er uendra av dette
jordskiftet.

Veg nr. 2. Gardsvegen.

Vegen går ut frå riksvegen og fylgjer opparbeidd
veg fram til nordaustre hjørne på tomte til bnr. 11.
Herfrå skal vegen gå etter ny tracé vestetter framtil
og langs nordsida av vedhuset til bnr. 1 og vidare i
kurve mot sørvest fram til grense nr. 1, kor vegen
endar mellom grensemerke nr. 96 og 97.

Vegen er avlagd på kartet.

Rett til å nytte vegen har eigarane av bnr. 1, 2, 11 og 12
og festaren av tomte "Stølen".

Vegen skal ha ei breidde i køyrebane på inntil 3 m
med tillegg for turvande fyllingar, skjæringar og
grøfter.

Kostnadene med opparbeiding av vegstrekninga frå
bnr. 11 og fram til grense nr. 1 skal svarast av
eigaren av bnr. 1 med 35 % og av

" " " 2 " 65 %.

- 21 -



Då det i skifteplanen ikkje er teke omsyn til veggrunn på dennyprosjekterte vegstrekninga, bestemte retten at det skal svarast vederlag i pengar såleis :

Vegareal 0,4 da. å kr. 400,- dvs. kr. 160,-.

Summen skal takast inn i anleggskostnadene, fordelast mellom bnr. 1 og 2 og gjerast opp saman med dei.

Kostnadene med framtidig utbetring og vedlikehaldsarbeid av veg nr. 2 skal svarast av

eigaren av bnr. 1 med 35 %,
" " " 2 " 45 % og
" " " 12 " 20 %.

Inntil den nye vegen er opparbeidd skal alle vedkomande ha rett til uhindra å bruke den gamle gardsvegen slik denne gjekk i marka for dette jordskiftet.

Vegen skal stå under tilsyn av ein tilsynsmann, sjå kap. VI - C.

Eigaren av bnr. 1 skal vere tilsynsmann dei 4 første åra etter iverksettinga av jordskiftet.

Veg nr. 3. Grannatunvegen.

Vegen tek av frå veg nr. 2 ved det gamle vedhuset til bnr. 1 (fig. nr. 67) og går over bnr. 1 langs bakkefoten og langs sørvestsida av den gamle smia (fig.nr.90) fram til bnr. 12. Vidare går vegen etter den gamle stien over bnr. 12. og bnr. 2 fram til den gamle brønnen i fig. nr. 105 og vidare etter den gamle bygdevegen fram til parkeringsplassen ved Kvernhuselva, kor vegen endar.

Vegen er innkroket på kartet. Rett til å nytte vegen har alle som har rett til å nytte brønnen i kartfig. nr. 105.

Vegen er meint som gangeveg og skal av eigarane av bnr. 12 kunne utbetrast til ei breidde på inntil 1 m.

- 22 -

Veg nr. 4. Veggen over Leitet.

Veggen tek av frå veg nr. 1 litt aust for transformatorstasjonen og går over bnr. 1 etter gammal sti opp lia, over Leitet og fram til brua over Skårdsdalselva (kartfig. nr. 49,45,43,349,337 og 336.)

Veggen er innkroket på kartet.

Veggen er meint som gangeveg for eigarane av bnr. 1 og 2 og kan brukast i ei breidd av 1 m.

Veg nr. 5. Veggen Øyatangen - Gjelelva.

Veggen tek av frå skarp sving i riksvegen og fylgjer gammal opparbeidd veg fram til skuletomta "Øietangen".

Herfrå går veggen over brua og vidare etter gammal veg langs reinefoten fram til grense nr. 5 i Gjelelva, (kartfig. nr. 33, 187^a, 188, 1,2,3 og 5.)

Veggen går over bnr. 1. Den er avlagd på kartet.

Veggen skal ha ei breidde i køyrebanen på inntil 3 m.

Rett til å nytte veggen har eigarane av bnr. 1,2,5 og 6.

Etter det opplyste har Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (B.K.K.) alt ansvar og vedlikehald av brua med tilførsleveg frå riksvegen og fram til brua.

Det er ved dette jordskiftet ikkje gjort noko endring i B.K.K. sine plikter og ansvar.

Kostnadene med utbetring og vedlikehaldsarbeid av den del av veggen som det ikkje påkviler B.K.K. å halde, skal svarast

av eigaren av bnr. 1 med 55 % og
" " " " 2 " 45 %.

Veggen skal stå under tilsyn av ein tilsynsmann, sjå kap.

VI - C. Eigaren av bnr. 1 skal vere tilsynsmann dei 4 første åra etter at jordskiftet er sett i verk.

- 23 -

Veg nr. 6. Nedre Fetavegen.

Vegen går ut frå riksvegen i kartfig. nr. 101 og fylgjer opparbeidd gammal veg fram til brua over Bergsdalselva og vidare etter brua fram til hopteigen.

Vegen er innteikna på kartet.

Rett til å nytte vegen har eigarane av bnr. 1 og 2 og tomteeigarar.

Etter det opplyste har B.K.K. alt vedlikehald av veg og bru. Det er ved dette jordskiftet ikkje gjort noko endring i kraftselskapet sine rettar og plikter.

B. Om vegmaterialar og veggrunn.

1. Turvande materialar til opparbeiding og vedlikehald av dei under A nemnde vegar kan takast på udyrka og udyrkbar mark innan jordskiftefeltet og utan vederlag til grunneigar.

2. Om nokon av dei under A nemnde vegar ikkje vert nytta eller nedlagde, tilfjell veggrunnen vederlagsfritt det eller dei bruka vegen går over.

C. Om tilsynsmenn.

Tilsynsmannen si funksjonstid er 4 år. Før denne er ute har tilsynsmannen å syte for valg av sin ettermann. Ved slikt val tel kvar stemme likt. Ved stemmelikskap vert valet å avgjere ved lutkast.

Tilsynsmannen har alt tilsyn med opparbeiding og vedlikehald av den eller dei vegar han er valt eller sett til å ha tilsyn med. Han pliktar å sette i gang vegarbeid når han sjølv eller nokon av dei arbeidspliktige krev det. Tilsynsmannen fastset dagen for igangsetting av arbeid, men den arbeidspliktige har krav på varsel minst 7 dagar føreåt.

Dei arbeidspliktige har rett og plikt til arbeid. Arbeid kan likevel ikkje krevjast utført i dei ordinære onnetidene.

- 24 -

Tilsynsmannen har å syte for at maskiner, reiskapar og ammunisjon m.v. er på plass før arbeidet skal ta til.

Tilsynsmannen fører rekneskap over dagsverk og utgifter og fordeler desse til yting eller utreise av dei arbeidspliktige etter høvetal som nemnt under A for slikt arbeid på vedkomande veg. Om ein vedlikehaldspliktig ikkje svarar pliktene sine, skal tilsynsmannen ha rett til å leige for den tverre si rekning. Nektar nokon å betale pålagde kostnader, skal tilsynsmannen ha rett til å inndrive kostnadene med tvang.

Om ein tilsynsmann forsømer pliktene sine, skal lensmannen etter krav frå ein skadelidande med heimel i § 55 i veglova nemne opp ny tilsynsmann for den tid som står att av den forsømande si funksjonstid.

Er den oppnemnde tilsynsmannen ikkje arbeidspliktig i vegen, har han ikkje stemmerett, men krav på godtgjersle slik lensmannen bestemmer.

D. Om vederlag for utbetring av gammal veg.

Etter det opplyste utbetra eigaren av bnr. 1 i 1960 den gamle gardsvegen slik at den kunne køyrast med motorkøyretøy. Arbeidet er av lensmannen med skjønnsmann sett til i 1960 å ha kosta 19.800,- kr., sjå dok. nr. 36 med vedlegg. Eigaren av bnr. 1 krev nå ved nemnde dok. at jordskifteretten tilpliktar eigarane av bnr. 2 å ta sin del av kostnadene. Desse har ikkje sagt seg uvillige til det, men partane kan ikkje verte samde om kor mykje eigarane av bnr. 2 skal betale.

Jordskifteretten vurderer spørsmålet slik :

Det er på det reine at kravet gjeld den gamle gardsvegen til bnr. 1 og 2, som også eigaren av bnr. 2 i uannelege tider har hatt rett til uhindra å kunne bruke.

Den vegrett eigarane av bnr. 2 etter dette jordskiftet får, gjeld rett til framleis å kunne bruke den austre del av den gamle gardsvegen. Parten får såleis ingen utvida vegrett i høve til den gamle retten.. Tvert om får han berre rett til framleis å bruka ca. 2/3 av den gamle vegen.

- 25 -



Vidare ser jordskifteretten det slik at denne si oppgave er å bestemme korleis tilhøva mellom partane skal vere i framtida, og treng ~~ikkje~~ ~~ta~~ stode til ~~tvistar~~ som ikkje treng løysast for å nå dette målet. Noko som her ikkje er tilfelle. (Eigaren burde tidlegare ha løyst usemja med heimel i § 54 i veglova.)

Slutning.

Kravet om fordeling av kostnadene med utbetring av den gamle gardsveg i 1960 er dette jordskiftet uvedkomande.

VII. Jakt og fangst.

Med heimel i § 13 i jaktlova frå 1951 bestemte jordskifteretten at retten til jakt og fangst framleis skal vere felles. Partane var samde om at retten til jakt og fangst tilligg fylgjande bruk og med slik lott :

Bnr. 1 med 1/2 og

" 2 " 1/2.

Lotteigarane er medlemmer i Bergsdalen jordbrukslag. Laget har eiga avdeling for jakt og fiske. Laget sine reglar for jakt og fangst skal gjelde for jordskiftefeltet så lenge lotteigarane er medlemmer av laget. Etter den tid kan dei med heimel i § 14 i jaktlova danne eige jaktstyre m.v.

VIII. Fiske.

Med heimel i § 11 i Lov om lakse- og innlandsfiske frå 1964 bestemte jordskifteretten at fisket i Bergsdalselva innan jordskiftefeltet framleis skal vere felles.

Retten til fiske har eigarane av bnr. 1 og 2 med 1/2 lott på kvar.

Med tilvising til kap. VII. siste ledd, bestemte jordskifteretten at jordbrukslaget sine reglar for fiske skal gjelde så lenge lotteigarane er lemer av laget.

Etter den tid kan dei utarbeide eigne vedtekter etter reglane i lova frå 1964.

- 26 -

IX. Brønnar.

- 1.a) Eigarane av bnr. 1, 2, 11 og 12 skal framleis ha rett til å bruke i lag den gamle brønnen, som etter jordskiftet vert liggjande i bnr. 2 sin teig ca. 30 m vest for grense nr. 2.

Brønnen skal om ein av brukarane krev det, utvidast så mykje at den i tider med normal nedbør gjev nok vatn til brukarane.

- b) Eigarane av bnr. 1, 2 og 12 skal gå saman om å legge hovudleidning frå brønnen over bnr. 1, 2 og 12 fram til svingen i veg nr. 2 ved vedhuset til bnr. 1. Ein kvar av brukarane har rett til å legge avgreiningar frå hovudleidning over annans grunn og fram til eigen grunn.

- c) Om eit fleirtal av eigarane av bnr. 1, 2 og 12 krev det, skal ny brønn opparbeidast på egna stad innan kartfig. nr. 88, 89 eller 108 på bnr. 1 sin grunn, innan kartfig. nr. 105 eller 106 på bnr. 2 sin grunn eller på bnr. 12 sin grunn. Pkt. 1 b skal også gjelde for brønn etter dette pkt.

Kostnadene med utbetring eller opparbeiding av brønn med hovudledning og vedlikehald av desse skal svarast

av eigaren av bnr. 1	med 40 %
" " " " 2	" 40 %
" " " " 12	" 20 %

Dersom eigaren av bnr. 11 vil koble seg inn på vassleidninga, skal han ha rett til det. I så fall skal nemnde kostnader svarast

av eigaren av bnr. 1	med 34 %
" " " " 2	" 34 %
" " " " 11	" 18 %
" " " " 12	" 14 %



- 27 -

- d) Det skal ikkje svarast vederlag til grunneigar for grunn til anlegget.

For skade som vert påført grunneigar skal det derimot svarast erstatning. Om partane ikkje vert samde, skal erstatninga fastsettast ved skjønn etter vassdragslovas § 19.

2. Bnr. 5,6,7,8,9 og 11 skal framleis ha sine brønnar og brønnrettar uendra i fylgje vedkomande eigedomar sine skyldskifter, sjå også kap. II - Lotting.
3. Om brønn vert erstatta av annan brønn eller ikkje brukt, fell retten til brønnen bort og skal fyllast att.
4. Brukar av brønn har å syte for sikring av brønnen, sjå §§ 2 og 3 i lov om sikring av brønnar m.v. frå 1957.

X. Steintipp.

I området på nordvestsida av Skårdsdalselva (kartfig. nr. 310 og 313) ligg ein steintipp som resultat av B.K.K. si tunnelldrift.

Etter det opplyste tilhøyrrer steinmassane bnr. 1 og 2, men B.K.K. betaler i fylgje avheimla skjøn vederlag for tap i beite og grunn for det område tippen dekker.

Jordskifteretten har bonitert området som uproduktivt.

Vedtak.

Inntekt frå salg av masse frå steintippen skal delast likt mellom bnr. 1 og 2, sjå ellers kap. III.

Kvar av eigarane av bnr. 1 og 2 skal ha rett til vederlagsfritt å ta turvande masse for privat bruk.

B.K.K. betalar sine erstatningar som før.

XI. Elveregulering.

Over Øyaflatene renn Gjelelva og Rauskredalselva. Begge desse elvane ligg høgt i høve til det omliggande landet. Dei greinar seg ut i mange laup, tek etter det opplyste stadig nye og fløymer utover. Jordskifteretten har under boniteringa eller ved utarbeidinga av skifteplanen ikkje teke omsyn til den openberre faren for elvebrot.

- 28 -

Retten vil difor med heimel i § 43 i jordskifteiova gi :

1. føresegner om sikring av Gjelelva og
2. føresegner i tilfelle nye elvebrot i Rauskredalselva.

Ved fordelinga av kostnadene har retten teke omsyn til at området kring elvane etter ei eventuell forbygging eller regulering vil verte monaleg verdifullare enn kva som har vore lagt til grunn ved boniteringa.

Vedtak.

- 1a) Gjelelva skal på den strekninga den er grenseelv mellom bnr. 1 og 2 kunne utrettast og utdjupast.
 - b) Eigarane av bnr. 1 og 2 skal vederlagsfritt svare turvande grunn og masse til reguleringa.
 - c) Elva skal stå under tilsyn av ein tilsynsmann.
For tilsynsmannen gjeld reglar som for vegtilsynsmenn, sjå kap. VI - C.
Eigaren av bnr. 1 skal vere tilsynsmann dei 4 første åra etter at jordskiftet er sett i verk.
 - d) Om nokon av eigarane av bnr. 1 eller 2 krev elva regulert, har tilsynsmannen å syte for utarbeiding av planer for regulering, få desse godkjende av vedkomande styringsmakt og å syte for at dei vert sett ut i livet.
 - c) Kostnadene med reguleringa av Gjelelva skal etter at offentlege tilskot er trekte frå svarast
av eigaren av bnr. 1 med 60 % og
" " " " 2 " 40 %.
- 2a) Om elvebrot i Rauskredalselva fører til at dei føresetnadene jordskifteretten la til grunn for boniteringa og verdsettinga vert monaleg endra, kan eigarane av bnr. 2 kreve at eigaren av bnr. 1 skal ta del i kostnadene med utbetringa av skadene og turvande forbyggingsarbeid.
- b) Utbetnings- eller forbyggingsarbeid kan likevel ikkje settast i gong utan etter offentleg godkjende planer og med offentleg tilskot.



- 29 -

- c) Kostnadene med arbeid som nemnt, skal etter at off. tilskot er trekte frå, svarast
av eigaren av bnr. 1 med 30 % og
" " " " 2 " 70 %.
- d) Skyldnader er tvangsgrunnlag etter reglane i § 102 i jordskiftelova.
- e) Om partane ikkje vert samde om når føresetnadene etter pkt. 2^a ligg føre, kan dei få spørsmålet avgjort av jordskifteretten etter reglane i § 43, andre ledd, i jordskiftelova.

XII. Gjerde.

Eigarane av bnr. 1 og 2 er samde om at det einast må påbydast gjerdeplikt i grense nr. 1 og då slik at gjerde skal settast opp etter nærmare reglar.

Retten vil av omsyn til hegninga av innmarka til bnr. 1 og 2 også påby gjerde i grense nr. 2 og 3. Retten har ellers ikkje noko å innvende mot partane sitt syn på gjerdeplikta.

Ved fordelinga har retten teke omsyn til sjølvgjerde.

A. Gjerdeplikt med fordeling.

Eigaren av bnr. 1, gjerder i grense nr. 1 strekninga frå riksvegen og oppover til grensemerke nr. 97.

Eigarane av bnr. 2, gjerder i grense nr. 1 strekninga frå grensemerke nr. 97 og sørvestover til grensa for riksvegen og vidare frå denne ca. 15 m fram til grensemerke nr. 100.

Eigarane av bnr. 12, gjerder heile grense nr. 2 og 3.
Eigarar av hyttetomter held sjølve gjerde for eigne eigedomar, sjå § 6 og 7 i Lov om grannegjerde frå 1961."

B. Fristar for oppsetting av gjerde m.v.

I grense nr. 1, 2 og 3 skal gjerde vere oppført og i lovleg stand innan 1 år etter at nokon av eigarane av bnr. 1 eller 2 har forlangt det.

Dei gjerdepliktige held kvar på sine gjerdestrekningar turvande grindar og led.

- 30 -

XIII. Hus.A. Våningshus.

Våningshusa til bnr. 1 og 2 står etter gjeldande lov ikkje i lovleg avstand frå kvarandre. Retten har utforma skifteplanen slik at i det minste eit av våningshusa i tunet, det vil seie bnr. 1 sine, vert ståande lovleg i høve til grensa mellom bruka, og for derved å gjere det mogeleg å skape ein lovleg tunskipnad ved berre å flytte våningshuset til bnr. 2.

Dette har ført til at grensa nr. 1 går om lag midt gjennom våningshuset til bnr. 2, og skulle normalt føre til flytting av huset. Då det ikkje er fastbuande korkje på bnr. 1 eller 2 har retten ikkje funne å kunne påby huseflytting, men ~~vil~~ at det skal kome til gjennomføring når det er trong om nytt eller omfattande reparasjon av våningshuset på bnr. 2.

Vedtak.

Våningshuset på bnr. 2 kan bli ståande på sin nåverande plass inntil bygningsrådet med heimel i bygningslova kan bestemme husplasseringa på bruket.

B. Andre hus.

Andre hus enn dei under litra A nemnde, og som etter jordskiftet vert ståande på ikkje eigars grunn, må av huseigar vere rive og bortførde innan 1 år etter at dette jordskiftet er sett i verk.

Etter nemnde frist tilfell husa vederlagsfritt den nye grunneigaren.

XIV. Skog.

Store deler av skiftefeltet er snaumark, resten er overvokse med litt lauvskog og litt planteskog.

Lauvskogen er for det meste av dårleg kvalitet og er ikkje taksert. Partane var samde om at lauvskogen skulle fylgje grunnen utan mellomlag, men med unnatak slik nemnt nedanfor under "vedtak".

- 31 -



L. bnr. 1 sin gamle teig i Rauskredalen (kartfig. nr. 264 - 265 m.fl.), og som etter skiftet går over til bnr. 2, står det 140 stk. 80 cm. høge granplanter og eit mindre felt med hoggbare gran. På den andre side står det 63 stk. 4 m høge graner og eit mindre felt med hogstmogen gran i bnr. 2 sin gamle teig i Øyalia (kartfig. nr. 362-363 m. fl.) og som ved skiftet går over til bnr. 1. Granskogen er ikkje taksert. Partane var samde om at dei skulle avvirke dei hoggbare trea og late resten fylgje grunnen utan mellomlag.

Vedtak.

Figaren av bnr. 1, Gisle Øye, skal ha rett til :

1. Å avvirke all lauvskog i bruket sin gamle skogteig på nordsida av fylkesvegen langs Stakkstøhaugen (kartfig. nr. 295, 299 - 304).
2. Å avvirke alle grantre med større diameter enn 10 cm i brysthøgde i bruket sin gamle skogteig i Rauskredalen (kartfig. nr. 261 - 265).

Figarane av bnr. 2, Per Øye og Kristina Fosse, skal ha rett til :

1. Å avvirke all lauvskog i bruket sine gamle skogteigar (2 stk.) i Øyalia (kartfig. nr. 362-368 og kartfig. nr. 377-380).
2. Å avvirke alle grantre med større diameter enn 10 cm i brysthøgde i bruket sin gamle skogteig i Øyalia (kartfig. nr. 362-368).

Skog som kan avvirkast slik ovan nemnt, må vere felt og bortført frå teigane innan 1. mai 1979. Skog som ikkje er bortført frå teigane innan nemnde frist, tilfelle vederlagsfritt den nye grunneigaren.

XV. Mellombels reglar om bruken av jordskiftefeltet.

Med heimel i § 45 i jordskiftelova bestemte jordskifteretten at det frå i dag av og inn til jordskifte vert sett i verk, er forbode å reise hus eller på anna måte minne verdien av jordskiftefeltet.

- 32 -

Partane skal likevel ha høve til å avvirke skog i sine gamle skogteigar, som ved jordskiftet ikkje byter eigar.

XVI. Sakskostnader.

.....

Til saman kr. 8.090,15

som retten med heimel i §§ 71,73 og 75 i jordskiftelova fordelte til betaling mellom partane såleis :

<u>Eigaren av gnr. 78 bnr. 1,</u>	Marta L. Brekke, med	<u>kr. 70,-</u>
Ytt handlangarhjelp med		<u>" 204,-</u>
	Har til gode	<u>kr. 134,-</u>
<u>Eigaren av gnr. 78 bnr. 2,</u>	Marta N. Brekke v/ Anna Pettersen	<u>kr. 70,-</u>
<u>Eigaren av gnr. 78 bnr. 3,</u>	Roald N. Brekke	<u>kr. 70,-</u>
<u>Eigaren av gnr. 78 bnr. 8,</u>	Marta Skjerven, med	<u>kr. 70,-</u>
<u>Eigaren av gnr. 79 bnr. 1,</u>	Gisle Øye, med	<u>kr. 3347,10</u>
Innbetalt på rettsmøte	kr. 1649,10	
Ytt handlangarhjelp med	" 1938,-	<u>" 3587,10</u>
	Har til gode	<u>kr. 240,00</u>
<u>Eigarane av gnr. 79 bnr. 2,</u>	Per Øye og Kristina Fosse, med	<u>kr. 3408,20</u>
Tillegg for møtet 16.9.1975 :		<u>" 174,85</u>
	Sum	<u>kr. 3583,05</u>
Innbetalt på rettsmøte	kr. 1819,55	
Ytt handlangarhjelp med	" 1683,-	<u>" 3502,55</u>
	Rest å betale	<u>kr. 80,50</u>
<u>Eigaren av gnr. 79 bnr. 5,</u>	Vaksdal kommune, med	<u>kr. 60,-</u>
<u>Eigaren av gnr. 79 bnr. 6,</u>	Emil W. Salberg, med	<u>kr. 0,-</u>
<u>Eigarane av gnr. 79 bnr. 7,</u>	Birgit Flage m.f., med	<u>kr. 0,-</u>
<u>Eigaren av gnr. 79 bnr. 8,</u>	Ole Dankertsen, med	<u>kr. 0,-</u>
<u>Eigaren av gnr. 79 bnr. 9,</u>	Berge Veka, med	<u>kr. 0,-</u>
<u>Eigaren av gnr. 79 bnr. 11,</u>	Ingvald Øye, med	<u>kr. 0,-</u>
<u>Eigarane av gnr. 79 bnr. 12,</u>	Midtun landm annslag, med	<u>kr. 120,-</u>

- 33 -



Eigaren av gnr.80 bnr. 1, Torbjørn Fosse, med kr.350,-

Eigaren av gnr.80 bnr. 2, Anders Fosse, med kr.350,-

Eigarane av Midthun landmannslag, gnr. 79 bnr. 12, og eigarane av gnr. 79 bnr. 2 betalte sakskostnadene sine.

Retten fekk utbetalt kr. 200,50. Den har framleis til gode kr. 596,00 som den kan kreve innbetalt hjå

eigaren av Fosse, gnr. 80 bnr. 1 med kr. 350,- og hjå

" " Fosse, gnr. 80 " 2 " " 246,-.

Eigaren av Brekke, gnr. 78 bnr. 1, Marta L. Brekke,

har til gode kr. 134,- som ho kan kreve innbetalt

hjá eigaren av Brekke, gnr.78 bnr. 2 med kr. 70,- og

" " Brekke, " 78 " 3, " " 64,-.

Eigaren av Øiene, gnr. 79 bnr. 1, Gisle Øye, har til gode kr. 240,- som han kan kreve innbetalt hjå

eigaren av Brekke, gnr.78 bnr. 3, med kr. 6,-, av

" " Brekke, " 78 " 8, " " 70,-, "

" " Øietangen, " 79 " 5, " " 60,- og av

" " Fosse, " 80 " 2. " " 104,-.

XVII. Ymse vedtak.

Den tinglyste utskrift av rettsboka og ein kopi av jordskiftekart skal takast vare på av eigaren av bnr. 1 og vere til sams bruk for alle vedkomande.

XVIII. Iverksetjing.

Ovan skrivne jordskifte av innmarka og ein del av utmarka til Øiene, gnr. 79 i Vaksdal herad, vert under tvang etter lova å sette i verk den 1. mars 1977.

XIX. Kunngjering.

Saka vart slutta og kunngjort den 6. desember 1976 ved opplesing av rettsboka.

- 34 -

Til stades var : Gisle Øye, Per Øye, Kristina Fosse,
Konstanse Sahlberg, Ole Dankertsen v/Thore Rongved,
Ingvald Øie, Lars H. Midthun, Arne Hansen, Erling Vaksdal,
Torbjørn Fosse, Anders Fosse og Ralf Jonassen.

Partane var på førehand gjord kjende med tid og stad for
kunngjeringa.

Rettsformannen orienterte partane om reglane for anke og
las frå jordskiftelova opp §§ 59, 61, 62, 66, 69, 70,
78 og 102.

På førespurnad hadde ingen noko å merkje mot leiinga av
møtet eller føringa av rettsboka.

Retten heva.

Ragnvald Berge (s) Olav Kvanne (s) Ingolf Dale (s)

Rett utskrift :

Olav Kvanne

